

## Søknad om endring av reguleringsplan etter forenkla prosess pbl § 12-14, andre ledd

Skjema skal sendast til [post@bjornafjorden.kommune.no](mailto:post@bjornafjorden.kommune.no)

Namn på gjeldande plan:	<b>Reguleringsplan for landbasert oppdrett 111/1 mfl. Samnøy</b>
GRN/BRN:	<b>111/1 mfl.</b>
Vedtaksdato for gjeldande plan:	<b>17.06.2021</b>
Tidlegare endringar av gjeldande plan:	
Plankonsulent:	<i>Multiconsult Norge AS v/Linda Djuvik Sønstabø</i>
Forslagsstillar:	<i>Bolaks Utvikling AS</i>
Gebyrmottakar:	<i>Bolaks Utvikling AS, Fusavegen 281, 5640 Eikelandsosen</i>
Dato for innsending av søknad:	<b>24.11.2023</b>
Ønske om drøftingsmøte:	<i>Det har vore halde drøftingsmøte 13.09 og 25.10.2023.</i>

## Innhald

1. Bakgrunn for planendringa.....	1
2. Omsøkte endringar .....	1
3. Vurdering av kriteria etter plan- og bygningslova § 12-14, andre ledd .....	9
4. Varsling og medverknad .....	11
5. Vedlegg.....	12

### 1. Bakgrunn for planendringa

I prosessen med definering av Bolaks sitt planlagde anlegg på Komfarholmen lokalisert til område BN1 i detaljplan, kartlegging av topografien i sjø rundt Komfarholmen, og som ein konsekvens av påbegynt masshandteringsplan er det ønskeleg å gjere nokre justeringar for å oppnå massebalanse innad i industriområdet, i samsvar med føringar i reguleringsplan og planomtale.

Endringa omfattar utviding av areal for næring (BN1) og kai (SK1), omregulering av areal for anna vegggrunn grøntareal (SVG2, SVG3, deler av SVG1) og veg (SV2, deler av SV1), justering av kotehøgde for kai (SK1), planeringshøgde for næring (BN2), oppheve midlertidige bygge- og anleggsområde (#1, #4) og andre parkeringskrav for lastebil.

### 2. Omsøkte endringar

1. Omregulering av annan vegggrunn grøntareal (SVG1, SVG2 og SVG3), veg (SV1 og SV2), og hamn (SHA) til utviding av areal for næring (BN1).
2. Omregulering av hamneområde i sjø (VHS1) til utviding av kai (SK1).
3. Endre byggegrense i BN1 mot L3.

4. Omregulering av annan veggrunn grøntareal (SVG1, SVG3) og veg (SV2) til kai (SK1)
5. Endre topp kainivå (SK) til minimum kote +2,5.
6. Endre kotehøgde frå KH +13 til KH +17 for planering i næring (BN2).
7. Endre kote maksimal byggehøgde i BN2 som følgje av endra kotehøgde i punkt 5.
8. Oppheve midlertidig bygge- og anleggsområde #1 og #4.
9. Midlertidig bygge og anleggsområde #2 vert redusert i LNFR (L3) som følgje av utviding av BN1 i punkt 1
10. Rekkefølgjekrav til utomhusplan knytt til SVG2 og SVG3 utgår då SVG2 og SVG3 vert omregulert til BN1 og SK1.
11. Endre parkeringskrav for lastebil frå 12 til 3 parkeringsplassar.
12. Endre i kravet om avtrapping av alle terrengskjeringar på over 6 meter.
13. Mindre rettingar i føresegner grunna feil referansar i gjeldande føresegner.

## **2.1. Omregulering av annan veggrunn grøntareal (SVG1, SVG2 og SVG3), veg (SV1 og SV2), og hamn (SHA) til utviding av areal for næring (BN1).**

Bolaks har vedteke å byggje gjennomstrøymingsanlegg og har avtala å kjøpe ein parsell på ca. 5 daa frå gnr. 112, bnr. 28. og 29.

Parsellen ligg innanfor reguleringsplan for utviding av industriområde Samnøy gnr. 111, bnr. 1 mfl., Komfarholmen (plan ID 1241201902), og er regulert til hamn (SHA), annan veggrunn grøntareal (SVG1, SVG2, SVG3), og veg (SV1, SV2).

Det er ynskeleg å nytte parsellen til næring, og inkludere parsellen i område BN1. Gjeldande deler av SHA, SV1, SV2, SVG1, SVG2 og SVG3 inkluderast i BN1 for å unngå at det blir liggande ein offentlig veg som deler Bolakstomta i to. Desse areala vil dermed utgå slik at SHA og BN1 får direkte avkøyring frå SV1.


## **2.2. Omregulering av hamneområde i sjø (VHS1) til utviding av kai (SK1).**

I prosessen med utarbeiding av profil for endring av reguleringsplan Samnøy og interne diskusjonar om kai, ser ein at det kan verte ei utfordring med å oppnå fornuftige/naudsynte djupner ved regulert kaifront.

Bolaks har opplyst at det bør vere minimum 9 m djupne (NN2000) ved kaifront med tanke på dagens og framtidens brønnbåtar. Det er berre korte strekk av SK1 som gir moglegheit for dette utan omfattande undervasssprenging slik SK1 er avgrensa i gjeldande plan.

For å sikre djupne ved kaifront for dagens og framtidige brønnbåtar og unngå omfattande undervasssprenging er det behov for å utvide SK1.

Det er ynskjeleg å utvide SK1 ca. 10 meter ut i VHS1. Bakgrunnen er at kartlegging av sjøbotnen viser at formålstenleg kai ikkje lar seg realisere innanfor formålsgrensa utan omfattande undervasssprenging. Utvidinga gjev auka kaiareal på 2 daa.



Figur 2-1 Venstre bilete: Utsnitt av plan med område med djup nok kai, markert med fargen magenta. Grøn linje er djupnekote -10. Kjelde: (H2 Hardanger AS/Bolaks Utvikling AS, 2023) Høgre bilete: Utsnitt av plankart som syner føremålsgranse SK1 flytta ut 10 meter i VHS1. Kjelde: (Multiconsult Norge AS, 2023)

### **2.3. Endre byggegrense i BN1 mot L3.**

For å sikre arealbehov verksemda ser i dag og sikre noko fleksibilitet for plassering av tiltak i BN1 er byggegrense mot L3 endra. Ny byggegrense er lagt 2 meter frå føremålsgranse mellom BN1 og L3.


Planendring opnar ikkje for endring i utnyttingsgrad, utnyttingsgrad frå gjeldande plan vert vidareført.

### **2.4. Omregulering av annan veggrunn grøntareal (SVG1, SVG3) og veg (SV2) til kai (SK1)**

Kartlegging av sjøbotn viser at den er nokså bratt i området ved regulert endepunkt SV2 og det sørvestlege hjørnet av BN1, slik at etablering av areal i dette området med utfylling i sjø kan vere utfordrande å realisere.

Etter punkt 1 vil endepunktet stå igjen utanfor den omregulerte BN1-parsellen. Det er dermed ynskeleg å omdisponere endepunktet til kai (SK), slik at SK1 og SK2 blir kopla saman.

På bakgrunn av dette vil heile SV2, SVG1 og SVG3 utgå frå planen.



Figur 2-2 **Venstre bilete:** Utsnitt av gjeldande reguleringsplan av regulert næringsbygningar (BN1), kai (SK), Veg (SV1, SV2), Annan veggrunn – grøntareal (SVG1, SVG2, SVG3), hamn (SHA), LNFR (L3) og midlertidig bygge- og anleggsområde (#1).

**Høgre bilete:** Utsnitt av endring der deler av SHA, SV1, SV2, SVG1, SVG2, SVG3 vert inkludert i BN1. Samtidig vil ein endra føremål på endepunkt av veg (SV2) og annan veggrunn (SVG1, SVG3) til kaiareal (SK1), med kotehøgde på minimum +2,5 moh. (Multiconsult Norge AS, 2023)


## **2.5. Endre topp kainivå (SK) til minimum kote +2,5.**

I gjeldande reguleringsplankart er kaidekke (SK1) lagt på kote +4. Det er ikkje sett kotehøgde for SK2 i plankart. Endringa gjeld for både SK1 og SK2.

For å betre tilkomst for båtar bør kaidekke ligge lågare, men må ha minimum høgde på kote +2,5. Ev. mindre tekniske bygg og installasjonar (for eksempel pumpestasjon) som vert plassert lågare enn minimum kote + 4 må dimensjonerast for stormflo. Det er lagt inn ny tekst i føresegner som sikrar dette jf. § 4.5.4 og § 4.5.5

Det er gjort vurdering for havnivåstigning og stormflaum i gjeldande ROS-analyse, og konkludert med at kaianlegget som skal etablerast i nordvest vil bli etablert på kote +2,5-5m. Vidare er havnivåendring og stormflaum vurdert til å ikkje utgjera ei fare for planområdet.


Det vert vist til gjeldande ROS-analyse for temaet.



Figur 2-3 Venstre bilete gjeldande plan med kotehøgde kai KH+4. Høgre bilete forslag til planendring med kotehøgde kai KH +2,5.

## 2.6. Endre kotehøgde frå KH +13 til KH +17 for planering i næring (BN2).

Planeringshøgde BN2 er definert til KH +13 i plankart. Det er ynskeleg å kunne heve denne med 4 meter til kote +17 for å tilpasse betre til veg som ligg mellom BN2 og BKB5 (i områdeplan), samt stigningsforhold til vegtilkomst til BKB5. I tillegg er det ynskeleg å ha noko fleksibilitet i planeringshøgde for å ta høgde for usikkerheit i utvidingsfaktor for sprengingsmassane som då påverkar massebalansen i planområdet. Vedlagt illustrasjon syner at eksisterande kolle vil skjermje ei auke i planeringshøgde til KH +17.



Figur 2-4 Illustrasjon planeringshøgder for byggetomter i områdeplan som syner heving av BN2 frå KH +13 til KH +17 (KH +17 raud line).



Figur 2-5 *Venstre bilete*: Utsnitt av gjeldande reguleringsplan av regulert næringsbygningar (BN2) med planeringshøgde KH +13. *Høgre bilete*: Utsnitt av forslag til planendring. Endra kotehøgde på BN2 til KH +17 (Multionsult Norge AS, 2023)

## 2.7. Endre kote maksimal byggehøgde i BN2 som følgje av endra kotehøgde (punkt 4).

Som følgje av endring av kotehøgde for planering (sjå punkt 2.5) vil kote for maksimal byggehøgde auke tilsvarande. I føresegner punkt 3.2.1 står maksimal byggehøgde for BN2 på kote +25,5 moh (inkl. buffer). Dette blir endra til kote +29,5 moh (inkl. buffer).

### 3.2 Utnyttning og byggehøgder

3.2.1 Utnyttingsgrad for byggeområda er vist i tabell under. Anlegg og parkering under grunnen skal ikkje reknast med i utnyttingsgraden. Maksimal byggehøgde er frå gjennomsnittleg planert terreng

Formål	Område	Utnyttning %BYA	Maksimal byggehøgde på kote
Næringsbygningar	BN1	BYA = 86 %	Kote +17,5 (inkl. buffer)
	BN2	BYA = 75 %	Kote +25,5 +29,5 (inkl. buffer)

Figur 2-6 Utklipp frå gjeldande føresegn med endring (Multionsult Norge AS, 2023)

## 2.8. Oppheve midlertidig bygge- og anleggsområde #1 og #4.

Gjeldande reguleringsplan har avsett areal til midlertidige bygge- og anleggsområde på SHA (#1) og BN2 (#4). Desse areala er skildra i føresegn punkt 8.1.1:

*Areal avsett til anlegg- og riggområde (#1-4) kan nyttast til all verksemd som er naudsynt for gjennomføring av veganlegg. Det kan innanfor områda etablerast mellombels bygningar, vegar og anlegg.*


Det er lagt inn midlertidig bygge- og anleggsområde (#1 og #4) for å sikre gjennomføring av veganlegg inn i området. Veganlegg nærmar seg no slutføring og behovet for midlertidig bygge og anleggsområde for SHA og BN2 har difor endra seg.

Det er i gjeldande plan ikkje sett eit gitt tidspunkt for opphøyr av midlertidige bygge- og anleggsområde i reguleringsplanen, og oppheving av #1 og #4 må difor gjerast gjennom eit eige opphevingsvedtak. Planprosess for opphevingsvedtak er nokså lik den som gjeld for vedtak av andre endringar i plan. Det vert vist til «Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister del 1.2» Teknisk framstilling og bruk av bestemmelsesområde for midlertidig bygge- og anleggsområde for nærare orientering.

Det er ynskeleg at BN2 og SHA ikkje lenger er bandlagt med midlertidig bygge og anleggsområde (#1 og #4) for å sikre gjennomføring av tiltak i SHA og BN2. Sjå Figur 2-5.

## **2.9. Midlertidig bygge og anleggsområde #2 vert redusert i LNFR (L3) som følge av utviding av BN1 i punkt 1**

I gjeldande plan er midlertidig bygge og anleggsområde #2 lagt langsmed annan veggrunn grøntareal (SVG1). Når føremål BN1 no vert utvida er det naturleg å redusere #2 tilsvarande slik at den avsluttar ved SVG1 også ved endring av plan.



Figur 2-7 Venstre bilete gjeldande plan med #1 og #4. Høgre bilete forslag til endring der #1 og #4 er teke ut, og deler av #2 er redusert.

## **2.10. Rekkefølgekav til utomhusplan knytt til SVG2 og SVG3 utgår då SVG2 og SVG3 vert omregulert til BN1 og SK1.**

I føresegn punkt 9.1.1 er det sett rekkefølgekav til utomhusplan for blant anna SVG2 og SVG3.

9.1.1 Ved søknad om tiltak skal det leggest ved utomhusplan som i nødvendig grad viser planlagt bebyggelse, store terrenginngrep, murer, parkering, avkøyring, frisikt og visa korleis SVG2 og SVG3 skal opparbeidast med eit parkmessig uttrykk og bidra til å dempe inntrykket av utbygging i nærområdet.

Som følgje av punkt 1 og 2 utgår rekkefølgjekrav til utomhusplan knytt til SVG2 og SVG3 då desse føremåla vert omregulert til BN1.

## 2.11. Endre parkeringskrav for lastebil frå 12 til 3 parkeringsplassar.

I føresegn punkt 3.1.5 er det sett parkeringskrav til BN1 med 12 parkeringsplassar til lastebil.

3.1.5 Parkeringsplassar for personbilar skal opparbeidast i samsvar med tabellen under. Krav til parkering er minimumskrav og skal dekkast innanfor kvart einskild byggeområde.

Føremål/verksemd	Parkeringskrav
BN1	32 parkeringsplasser for personbil og <del>12</del> 3 for lastebil
BN2	1 plass pr. 100 m <sup>2</sup> BRA
SHA	1 plass pr. 300 m <sup>2</sup> BRA

Tabell 2-1 Føresegn gjeldande krav til parkering med endring (Multiconsult Norge AS, 2023)

Minimumskravet til parkering for lastebil i BN1 som er sett i gjeldande plan er ikkje eit reelt behov som Bolaks har, og det er usikkert kvar dette kravet i gjeldande plan kom frå. Det er difor ynskjeleg at talet parkeringsplassar til lastebil blir endra frå 12 til 3, då det ikkje er behov for fleire plassar.

## 2.12. Endre i kravet om avtrapping av alle terrengskjeringar på over 6 meter.

For å ivareta omsynet til landskapshandsaming og estetikk er det i gjeldande plan stilt krav om at tiltak skal utførast slik at dei vert best mogleg tilpassa eksisterande terreng og omgjevnader. Tiltaka skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med funksjon og naturgjevne og bygde omgjevnader. Det er krav om avtrapping av terrengskjeringar på over 6 meter. Dette skal gjerast for å unngå store skjemmaende skjeringar og for å dempe nær- og fjernverknad. I BN1 vil bygg verte plassert framom skjering, og skjering vil dermed verte kamuflert av bygget framom.

For å unngå at ei ev. avtrapping kan medføre mindre areal på BN1 er det ønskjeleg å endre i føresegn punkt 2.2.2.

Føresegn punkt 2.2.2 set krav om at alle terrengskjeringar over 6 meter skal avtrappast med pallsystem mot overliggjande terreng.

Føresegna er ønska endra til:

Terrengskjeringar over 6 meter, som er synleg frå sjø, skal avtrappast med pallsystem mot overliggjande terreng.

## 2.13. Mindre rettingar i føresegner grunna feil referansar i gjeldande føresegner.

I gjeldande føresegner er det synt til feil referansar til punkt

- Massefylling og massehandtering 2.4.1

«Massehandteringsplan (jf. pkt. 10.2.2)» refererer til punkt som ikkje finnest i føresegner. Vert retta til «Massehandteringsplan (jf. pkt. 9.2.2).

- Hamn (SHA) 4.4.5



«Utslepp skal godkjennast etter gjeldande lov og forskrifter, jf. § 2.12.9 over», refererer til punkt som ikkje finnst i føresegner.

Vert retta til: «Utslepp skal godkjennast etter gjeldande lov og forskrifter».

- Ras- og skredfare 7.1.2

«Jf. også pkt. 10.3.3.» refererer til feil punkt i føresegner.

Vert retta til: «Jf. også pkt. 9.2.3.»

- Massehandteringsplan 9.2.2

«Utgreiingskravet om massehandteringsplan, jf. § 2.5.1» refererer til feil punkt i føresegner.

Vert retta til: «Utgreiingskravet om massehandteringsplan, jf. § 2.4.1»

- Ras- og skred 9.2.3

«Sikringskravet for ras- og skred, jf. § 8.1.3» refererer til feil punkt i føresegner.

Vert retta til: «Sikringskravet for ras- og skred, jf. § 7.1.2»

- Frisikt 9.3.1

«Krav til frisikt for areal som nyttast i samband med bruken av eit felt, jf. § 8.1.1» refererer til feil punkt i føresegner.

Vert retta til: «Krav til frisikt for areal som nyttast i samband med bruken av eit felt, jf. § 7.1.1»

- Sikringsgjerder 9.3.2

«Nødvendige sikringsgjerder (jf. pkt. 2.3.3)» refererer til feil punkt i føresegner.

Vert retta til: «Nødvendige sikringsgjerder (jf. pkt. 2.2.3)»

Punkta ovanfor vert retta med rett referanse i endring av reguleringsplan.


### **3. Vurdering av kriteria etter plan- og bygningslova § 12-14, andre ledd**

Vurdering av planendringa opp mot ulike tema:

#### **Landskap og estetikk**

Planområdet omfattar deler av detaljregulering for Samnøy industriområde.

Landskap som tema er konsekvensutgreidd i områdeplanen. Utbyggingsområda i planendringa er i samsvar med detaljreguleringsplanen. Planendringa legg i hovudsak opp til utviding av føremål BN1 med ca 5 daa, og endre kotehøgde for planering i BN2 frå KH + 13 til KH +17. Dette er vurdert å ikkje påverke dei samla konsekvensane for temaet i nemneverdig grad. Byggehøgda vil fortsett vere underordna dei bevarte høgdedraga i området. Sjå figur under.



Figur 3-1 Illustrasjon planeringshøgder for byggetomter i områdeplanen (Kommunekart Bjørnafjorden, 2023)

For å ivareta omsynet til landskaphandsaming og estetikk er det i reguleringsplanen stilt krav om at tiltak skal utførast slik at dei vert best mogleg tilpassa eksisterande terreng og omgjevnader. Tiltaka skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med funksjon og naturgjevne og bygde omgjevnader. Det er krav om avtrapping av terrengskjeringar på over 6 meter som er synleg frå sjø. Dette skal gjerast slik at ein unngår store skjemmaende skjeringar. Fyllingar og skråningar mellom utbyggingsområde, langs vegar og i LNF skal også revegeterast for å dempe nær- og fjernverknad.

### **Strandsone og friluftsliv**

Nærmiljø og friluftsliv som tema er konsekvensutgreidd i områdeplanen. Planendringa er vurdert til å ha uendra konsekvensar på temaet. Som det går fram av reguleringsplanen framstår strandsona på Samnøy som lite tilgjengeleg i dag, og mindre attraktiv på grunn av næringsverksemd. Det er ingen registrerte friluftsområde i offentleg tilgjengelege databasar.

### **Kulturminne og kulturmiljø**

Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i planområdet. Endring påverkar difor ikkje omsynet.

### **Naturmangfald, landbruk og naturressursar**

Naturmangfald er tema i områdeplanen, og har vore konsekvensutgreia.

Arealet som får endra arealføremål ligg inne i overordna plan som utbyggingsføremål. Ingen påverknad.

### **Naturmangfald i sjø**

Tema naturmangfald i sjø er utgreia i gjeldande reguleringsplan og i forbindelse med søknad om tillatelse til bygging av kai, undervasssprengning og utfylling i sjø.

Bergen hamn har gjeve løyve til utfylling i sjø 18 september 2023 og aktuelt område er undersøkt iht. Naturbase og Artsdatabanken. Bergen hamn kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldlova. Statsforvaltaren i Vestland svarar på søknad om utfylling i sjø at tiltaket ikkje treng løyve etter forureiningslova (jf. brev av 26.06.23).

Planendringa er vurdert til å ha uendra verknader på naturmangfald i sjø då ein unngår omfattande undervasssprengning.

### **Bygningar og samferdsle**

Planendringa er vurdert til å ha uendra verknader på bygningar og samferdsle i høve til reguleringsplan. Ingen endring i vegstruktur/trasear eller bygningsmasse.

### **Grunntilhøve, vatn og avlaup**

Det er utarbeidd VA-rammeplan til reguleringsplanen. Det er sett rekkefølgekrev om at utgreiingskrev i høve til VA-rammeplanen skal vere oppfylt før søknad om rammeløyve. Planendringa er vurdert til å ha uendra verknad for grunntilhøve, vatn og avlaup.

### **Miljøpåverknad**

Gjeldande reguleringsplan har fleire tiltak i høve miljøoppfølging. Det er lagt inn føresegner for handtering av massar og krav om massehandteringsplan skal sikre forsvarleg utbygging og sikre at ein unngår forureining. Støy frå næringsverksemdene inkl. kai/hamneområda skal handterast i samsvar med gjeldande retningsline for handsaming av støy (T1442). Planendringa er vurdert til å ha uendra verknader på miljø.

### **Folkehelse**

Endringa gjev ingen påverknad.

### **Barn og unge sine interesser**

Endringa gjev ingen påverknad.

### **Verdiskaping og sysselsetting**

Endringa er naudsynte tiltak for at Bolaks Utvikling AS skal få sett i verk tiltak for å oppnå massebalanse innad i industriområdet, og på denne måten unngå borttransport av massar over lange distansar.

### **Oppsummering**

Plan- og bygningslova §12-14, andre ledd, gjev opning for å vedta endring av reguleringsplan etter ein forenkla prosess når endringane i liten grad vil påverka gjennomføring av planen, ikkje gå ut over hovudrama i planen, og heller ikkje påverkar omsynet til viktige natur- og friluftsområde. Multiconsult meiner ein gjennom punkt 3 *Vurdering av kriteria etter plan- og bygningslova § 12-14, andre ledd* har tydeleggjort at endringa ikkje vil få verknader på desse tema.

## **4. Varsling og medverknad**

Lowverket legg til rette for ein enklare planprosess for planar som fell inn under plan- og bygningslovas §12-14. Søknad om endring av reguleringsplan er lagt fram for Bjørnafjorden kommune før utsending. Kommunen har førebels vurdert at endring av planen kan handsamast etter forenkla planprosess.

For ei reguleringsendring med enkel prosess er det ikkje krav til offentleg høyring. Dvs. at dette varselet er einaste moglegheit naboar og offentlege mynde har til å uttale seg før vedtak blir fatta, jf. Plan- og bygningslova § 12-14, 3 ledd.

Kommunen har akseptert at frist for innspel/merknader til desse endringane er på **3** veker frå dette brevet er sendt ut: Merknadsfrist er **22.12.2023**.

Eventuelle innspel og merknadar til planendringa skal sendast skriftleg til:

**Multiconsult Norge AS v/ Linda Djuvik Sønstabø**  
**Kunnskapshuset, Sæ 132**  
**5417 Stord**

Eller elektronisk til: [lds@multiconsult.no](mailto:lds@multiconsult.no)

Med venleg helsing

**Multiconsult Norge AS**  
Linda Djuvik Sønstabø

## 5. Vedlegg

- Plankart endring 1 dato 24.11.2023
- Føresegner endring 1 dato 24.11.2023
- Gjeldande plankart\_Vedtak\_17.06.2021
- Gjeldande føresegner\_Vedtak\_17.06.2021
- B101 Terrengprofil-Profil 1 og 2\_21.09.23
- B102 Terrengprofil-Profil 3 og 4\_21.09.23
- B103 Terrengprofil-Profil 5\_21.09.23
- Plankart endring1 med endringspunkt dato 24.11.23
- Illustrasjonar samla frå gjeldande reguleringsplan 21.09.23
- Illustrasjon køyremønster BN1 dato 16.11.23